



Margrethe Storheim
Haukeland
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10474 - 21/86431

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
21.12.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 483/4 Haukeland nordre

Administrativt vedtak: Saknr: 1365/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Margrethe Aven Storheim dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 20.12.2026 for gbnr 483/4 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Foretaket **Margrethe Aven Storheim** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 483/4. Dagens driftsomfang er 11 vinterfora sauer. Driftsformen er utgangardrift og det vert difor ikkje oppsamla gjødsel.

Søker eig 11 daa overflatedyrka mark ,1,4 daa innmarksbeite og 5,1 daa fulldyrka mark.

Foretaket kjøper inn 600 kg kalksalpeter som vert brukt til å gjødsle jordbruksarealet med.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på jordbruksareal					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
600	Kalksalpeter	17,5	jordbruksareal	34,2	5,2		

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium.

GDE = 0

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling

Regelverk:

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/10474 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Margrethe Storheim

Haukeland

5938

SÆBØVÅGEN